
Vår referanse 2021/6664-2
Dato 18.03.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjon - Gang- og sykkelveg SGS4 - Alverstraumen - Gnr 137 bnr 821 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 26.02.2021. Frist for uttale er 26.03.2021.

Kva saka gjeld:

Alver kommune skal etablere gang- og sykkelveg SGS4 som del av rekkjefølgjekrav for opparbeiding av ny Alversund skule.

Gang- og sykkelvegen er regulert i Områdeplan for Alversund (2018). For det same arealet gjeld også Kommunedelplan for Alversund (KDP) som vart vedtatt i 2019, og som gjeld føre Områdeplanen. I KDP er arealet avsett til BS1 Sentrumsføremål og dels næringsføremål. Det er difor behov for å søkje om dispensasjon frå KDP .

I brev frå kommunen kjem det fram at det er søkt om følgende dispensasjonar:

- Dispensasjon frå arealføremål BS1 i KDP
- Plankrav jf. føresegn 2.2. i KDP
- Stigningskrav for sykkelvegen
- Krav til fast dekke
- Krav om grøft på begge sider av gang- og sykkelvegen
- Endring til føremål Gangspassasje for deler av gang og sykkelvegen.




Fig: Utdrag av KDP t.v., gang og sykkelveg er vist vest for BS 1. Fig til høgre viser kor o_SGS4 er regulert gjennom Områdeplan for Alversund.

Uttale:

SGS4 skal sikre trygg skuleveg for born som kjem til og frå Hilland, og er ein del av rekkefølgjekrava for ny Alversund skule som er under oppføring. Skuleelevane går i dag gjennom området ved bensinstasjonen.

Vestland fylkeskommune har satt i gang planarbeid som skal planlegge for ny Alversund bru. Ny bru skal ha sykkelveg med fortau og vi legg til grunn at det vert sikra god påkobling mot relevante målpunkt som til dømes skulen. Realisering av dette tilbudet ligg likevel litt fram i tid.

Det overordna målet på kort sikt må vere å sikre gang- og sykkelsamband som er trafiksikkert og som kan nyttast av alle fram til tilbudet vert avløyst som følgje av ny bru over Alverstraumen.

Framlegget som er på høring er ikkje universelt utforma, og er redusert til ein gangpassasje det siste stykket før påkobling mot kommunal veg. Vi meiner at Alver kommune bør ha ambisjonar om å etablere eit fullgodt alternativ som kan nyttast fram til ei eventuell avløsning av gang- og sykkeltilbodet som følgje av ny bru over Alverstraumen. Løysinga må optimalisast slik at den kan nyttast av alle, og slik at det står fram som eit attraktivt alternativ for mjuke trafikantar. Ein må og ha merksemd på siktforhold i avkøyrsla, og ved påkobling til den kommunale vegen.

Med helsing

Hege Løtveit
leiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATENS VEGVESEN BERGEN
KONTORSTED

Postboks 874 Sentrum